

Aktuelt frå Opplæringslova

Opplæringslova er ei lov som handlar om rettar og plikter i samband med opplæring og skulegang i Noreg. Reglar som utfyller lova, er gjeve i *forskrift til opplæringslova*. Saman med læreplanen K20 gjev opplæringslova og forskrifta dei formelle rammene for kva opplæringa skal innehalde og korleis den skal gå føre seg. Lova i heilhet finn ein på www.lovdata.no

I eit heim-skule-perspektiv er det nokre kapittel det er viktig å vere klar over:

- **Kap. 1** handlar om **formålet med og krava til opplæringa**. Det står i § 1-3 at opplæringa skal skje i "samarbeid og forståing med heimen". Her ligg grunnlaget for foreldra sitt ansvar og deira medverknad i skulen.

- **Kap. 2** handlar om **rett og plikt i grunnskuleopplæringa**

- **Kap. 4** handlar om **skyss, leksehjelp, skulefritidsordninga, skuletur og overgang frå barnehage til skule**

- **Kap. 10** handlar om **det beste for eleven, medverknad, skuledemokrati, foreldresamarbeid, skulereglar og elevanes plikt til å delta**. I § 10-6 står det at kommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp.

- **Kap. 11** handlar om **Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging**. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.

Foreldra må samtykkje før kommunen gjer ei sakkunnig vurdering, og før dei gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring.

- **Kap. 12** handlar om **skolemiljøet til elevane**. Her står det at alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel, og læring. Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev. Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

.